

Til
Sveio kommune

Høyringsvar «Folkehelseoversikt for Sveio 2023»

Eg kjem med ei presisering av eit område som blir ein utfordring for folkehelsa til befolkninga i Sveio. Ein faktarapport om folkehelse må særleg få fram både kvantitative og kvalitative parametre innan område som og bør forbeholdast. I kjeldeoppstillinga kunne ein vore meir spesifikk på kor ein finn dokumentasjon til dømes når ein berre seier NAV er det «eit heilt hav» av statistikk å finne. Eg spør konkret: har ein brukt NAV sin omverdsanalyse for Sunnhordland? Eg dreg fram nokre tilhøve herfrå:

Marginalisering og utanforskap:

Sveio har meir utanforskap enn andre kommunar i regionen. Det gjeld til dømes tal på uføretrygda. Levekårsindeksen viser av Sveio kjem dårleg ut samanlikna med andre kommunar i regionen. Det gjeld nivåa på fattigdom og intektsulikskap.

Eit område som blir viktig å løfte fram or statistikken er talet på unge som står utanfor skule og arbeid. Nav Sveio hadde i april i år 42 ungdomar (18 – 29 år) registrert som ikkje er i arbeid eller utdanning. Eit anna faktum som gjer dette bilde svart er at NAV ikkje går aktivt ut til gruppa uføre for å vurdere deira motivasjon for arbeid. Dei følger berre opp dei som sjølv vender seg til Nav om arbeid. Det handlar om tilgjengelege ressursar hos NAV Sveio.

Ei folkehelseoversikt må vere tydeleg på kva som utfordrar folkehelsa i befolkninga slik at politikarane kan prioritere rett tiltak for betring.

Sveio, 25.09.23

Helsing

Arne Valen
Vågavegen 124
5550 Sveio